

Møtebok frå styremøte i ungdomsstyret 13.02.2025 på Teams

Desse møtte

- Eivind Hustveit, rep. Sauda
- Gabriel Havrevold, vara Strand
- Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland
- Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune
- Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune
- Anne Bratthammer, rep. Strand
- Joel Nag, rep. Strand kommune
- Arin Eiriksønn, rep. Suldal
- Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune
- Johanne Klungtveit Næsje, rep. Suldal kommune
- Nora Østerbø, vara Suldal
- Martine Hocking, vara Sandnes kommune
- Brede Krogedal, vara Sandnes kommune

Forfall

- Marte Hovda, vara Hjelmeland kommune
- Maja Kristin Janson Jordal, vara Sauda
- Johan Kilane, vara Suldal kommune
- Øyvind Opdahl Viga, vara Hjelmeland

Frå administrasjonen

- Andrea Hebnes Tobekk
- Einar Schibevaag

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Sak 05/25 Godkjenning av møtebok frå møte 10. og 11. 01.2025, innkalling til møte i dag, sakliste og meldingar

Møtebok frå møte 10. - 11.01 er sendt ut tidlegare

Andrea Hebnes Tobekk er tilsett som prosjektmedarbeidar og er med i møtet i dag og vil sei litt om seg sjølv. Det var 17 som søkte på stillinga, seks var inne til intervju i første runde og tre i siste.

Ho legg no planar for å;

- Møte alle ungdomsråda og informera om arbeidet
- Møte alle kommunestyra og informera om arbeidet
- Møte i næringsforeningar i Ryfylke
- Møte med dei vidaregåande skulane og informera om arbeidet og RyRekrutt

På sist møte blei det bestemt å gå ut med eit uspel om

- Utfordra arbeidsgjevarar på kor viktig det er at dei gir relevante sommarjobbar for dei som er ute og utdannar seg
- Arbeidslivet bør utfordrast på å formidla meir om dei mange utgreiings- og forskingsprosjekt dei arbeider med slik fleire unge har kunnskap om dette i val av utdanning og seinare karriere lokalt.
- Kunnskapen om YSK-utdanninga i Sauda er lite kjent blant unge i Ryfylke. Eit utdanningstilbod som og bør organiserast og for andre utdanningsretningar

Arbeidsutvalet godkjente dette denne uttalen.

Me treng å vite meir om arbeidslivet i Ryfylke

Me som veks opp i Ryfylke, vil gjerne ha ein framtid her.

- *Ikkje berre ein jobb – men ein karriere i Ryfylke*
- *Ikkje berre ein karriere – men og eit liv i Ryfylke*

Det handlar ikkje berre om inntekt, men om å få erfaring som gjer oss betre rusta til å velje ein karriereveg – helst ein som gjer at me kan bli verande i Ryfylke.

Men for at det skal skje, treng me kunnskap om arbeidslivet – ikkje berre når me er ferdig utdanna. Altså men me skal studera(er) eller får oss arbeidserfaring «ute».

Derfor bør arbeidsgjevarane i regionen vår ta eit større ansvar. Relevante sommarjobbar betyr ikkje berre arbeid innan butikk og servicenæringa, men òg høve til å arbeida med dei bransjane me utdannar oss til. Det kan vere praksisplassar innan ingeniørfag, helsevesen, teknologi, landbruk og industri, der me får sjå korleis arbeidskvardagen i desse yrka fungerer.

Slike stillingar kan òg gi oss verdifull innsikt i kva som krevst av kompetanse, slik at me kan ta betre val om framtida vår og forstå det spennanda arbeidslivet Ryfylke har. I dag er det mange bedrifter i regionen som og har spanande utgreiings- og forskingsprosjekt. Men kjenner dei unge til det? Nei alt for få kjenner til dette. Hadde fleire arbeidsgjevarar vore meir opne om kva dei faktisk driv med, kunne fleire av oss fått betre innsyn i det som skjer i kommunen og regionalt næringsliv.

Når me vel utdanning, er det avgjerande å vite kva slags kompetanse det lokale næringslivet etterspør. Derfor må arbeidslivet vera opne og eksponera oss for dette når me legg karriereplanane våre. Og ikkje slik det er nå at arbeidslivet rundt utdanningssystemet plukkar studentane.

YSK-utdanninga i Sauda er under press. Istaden for å kome på deffensiven bør Ryfylke gjere tilbodet betre kjent, ei utdanningstilbod der kombinasjonen fagbrev og studiekompetanse er sett saman. Ei utdanning som gir innsyn i arbeidslivet og god rettleiing til eventuell vidare utdanning. Ungdomsstyret ser at alt for få kjenne til ordninga – ei ordning me trur fleire utdanningsretningar burde få prøve ut.

Skal me me som skal velja utdanning og yrkje som Ryfylke treng, må arbeidslivet vera aktive og eksponera oss for det. Det held ikkje å berre snakke om det – me må ha konkrete tiltak.

Ungdomsstyret vil vera med i denne samtalen og meiner arbeidsgjevarane og utdanningsinstitusjonane må vise at dei tar utfordringa på alvor.

Utspelet er sendt til kommunane i Ryfylke, Næringslivsorganisasjonane, fylkeskommunen og pressa

Arbeidet til styret og det totale ungdomsprosjektet det legg føringar for, skal evaluerast. Følgjande problemstillingar skal svarast ut

Følgjeforskinga skal svare på følgjande hovudspørsmål:

- Korleis opplever ungdom tiltaka som Ungdomsstyret i Ryfylke har sett i verk?
- Korleis vurderer verksemder og organisasjonar ungdomssatsinga i regionen?
- Kva for effektar har tiltaka på ungdommen si kunnskap om og tilknytning til Ryfylke?
- Kva for forbetringar kan gjerast for å optimalisere ungdomssatsinga?

Møte 3

Møte er sett til fredag 21.03 i Stavanger på Fiskepiren (fysisk) og alle møter Kl 16.30

Framlegg til vedtak

Møtebom frå møte 1 blir godkjent. Meldingar og orienteringar blir godkjent

Samrøystes vedtak

Møtebom frå møte 1 blir godkjent. Meldingar og orienteringar blir godkjent. Ein slyttes seg og til innretninga på arbeidet med følgeforskinga.

Sak 06/25 Ryrekrutt – plan og gjennomføring

Administrasjonen har arbeidd vidare med føringar gitt frå styret i sist møte

Det blir lagt opp til markandsføring i mange og ulike kanalar. Ein del er alt ute og meir vil kome framover. Det er viktig at styret sjølv er ambasadørar for å få flest mogleg frå Ryfylke til å kome. Andrea vil kome rundt på dei vidargåande skulane og motivera mange til å koma men og dei som er ute å studerer.

Det same gjeld å utfordra bedrifter til å møte opp med stand – 10 organisasjonar er nå meldt på

På sjølve dagen vil Ungdomsstyret ha to standar.

- Heilt heim
- Traineeprogram

Me vil plassera nokre av styret sine medlemmer på desse standane for å fortelja om tiltaka til dei som møter.

Vidare vil ei gruppe vera vertar og gå rundt og svare på spørsmål

Det vil vera nokre som må stå i inngangen og sjå adgangskort i tillegg til ei avdeling for utdeling av romkort til hotell. Desse blir delt ut frå kloka 18.00.

Administrasjonen vil fordela styret her på dei ulike oppgåvene etter skjønn. Det vil og vera nokre andre som blir med her som representerer Ryfylke IKS som og kan bistå ungdomsstyret i arbeidet .

Veronica Fjell som er konfransier introduser det som skjer inklusive leier quizzen

Framlegg til vedtak

Saka blir godkjent.

Samrøystes vedtak

Saka blir godkjent. Det er viktig at alle set av tid til neste styremøte, fredag 21.03 klokka 16.30, på Fiskepiren når oppgåver blir fordelt.

Sak 06/25 Heilt Heim og andre sosiale flater

Nettsida er under utvikling. Me har fått ein prototype så me driver å utforsker og gjer små endringar.

Neste steg er at Kakkadu skal gjennomføra litt brukarundersøkingar med ungdommar for å få litt konkrete tilbakemeldingar.

Kakkadu kjem på Ryrekrutt og presenterer prosjektet, i tillegg til at Ungdomsstyret sjølv har ein stand somfronter tiltaket.

Facebook:

Det er viktig at Ungdomsstyret i Ryfylke får si eiga Facebook-side av fleire grunnar.

For det første er det større sjanse for at folk – og andre ungdommar – stoppar å les ein artikkel viss me ser at den kjem frå ungdomsstyret, då føler det meir ut som den er meint for oss. Ungdom lyttar ofte meir til andre ungdommar, og difor er det eit poeng at Ungdomsstyret kan kommunisere direkte med oss.

Andrea skal vera ein histrieforteljar og forteleje det ho er med på og som viser mangfaldet Ryfylke byr på. Her bør me og drøfte og fleire i U-styret bør bidra.

I tillegg er sosiale medium avgjerande for å nå fram til unge i dag, og Facebook er den plattformen vertfall eg og venene mine oftast brukar når me faktisk ønskjer å få med oss informasjon, ikkje berre for å scrolle.

Difor trur eg Ungdomsstyret vil nå endå fleire dersom dei er synlege på Facebook, og det vil gjere det enklare for ungdom å engasjere seg i saker som angår oss.

Saka blir lagt fram til drøfting

Samrøystes vedtak

Fleire i styret er trekt inn i utviklingsarbeidet. Styret ser det som viktig at sommarjobben.no blir trekt inn i løysinga og at ein får ein samla plattform.

Sak 07/25 Bil for ungdomsprosjektet



Ryfylke



RYFYLKE IKS

Som informert om på sist møte i ungdomsstyret var målet å ha på plass eigen bil for prosjektmedarbeidar. Dette har tatt noko meir tid og forhandlinga med forhandlar har stoppa opp og me ser nå etter ny partner

Me arbeider parallelt med koss denne skal sjå ut – framlegg til konsept ligg ved saksinkallinga som Andrea vil informera meir om

Me rår derfor til at arbeidsutvalet får mynde til å inngå avtale om bilvalget.

Framlegg til vedtak

AU får myndet til å vedta endleg dekor og val av biltype.

Samrøystes vedtak

AU får myndet til å vedta endeleg dekor og val av biltype. Men det kom ei klar føring at den delte fargeløysinga var ei spennande tilnærming.